

## Saksprotokoll 18.06.2020 - fylkesutvalet

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt innanfor sektoren si ramme til å opprette vg3 som alternativ til læreplass ved behov.
3. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ny status og framlegg til konkrete tiltak, oppfølging og økonomiske konsekvensar av koronapandemien i september 2020.»

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette på vegner av Sp, A, MDG, Krf, V og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt innanfor sektoren si ramme til å opprette vg3 som alternativ til læreplass ved behov.
3. Fylkesutvalet syner til tidlegare vedtak om å ta ned kapasiteten på vg3 påbygging til generell studiekompetanse og ber fylkesrådmannen synleggjere kva tiltak som allereie er lagt inn i utlysing/justering av opplæringstilbodet og den økonomiske konsekvensen av dette slik at dette vert skilt ut som eit eige Koronatiltak.
4. Fylkesutvalet føreset full statleg finansiering av verknadar etter koronapandemien.»

### Avrøysting

Søviknes sitt forslag fekk 7 røyster (Frp, H og FNB) og fall.

Innstillinga frå hovudutval for opplæring og kompetanse fekk ingen røyster og fall.

Øren Heen sitt forslag vart vedteke mot 7 røyster (H, Frp og FNB).

### Vedtak

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt innanfor sektoren si ramme til å opprette vg3 som alternativ til læreplass ved behov.
3. Fylkesutvalet syner til tidlegare vedtak om å ta ned kapasiteten på vg3 påbygging til generell studiekompetanse og ber fylkesrådmannen synleggjere kva tiltak som allereie er lagt inn i utlysing/justering av opplæringstilbodet og den økonomiske konsekvensen av dette slik at dette vert skilt ut som eit eige Koronatiltak.
4. Fylkesutvalet føreset full statleg finansiering av verknadar etter koronapandemien.